



--

Arkiv saknr:	2016/489
Løpenr.:	8077/2016
Arkivkode:	99/32

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Kjell Negarden

99/32 Haukeliseter Fjellstoge - Søknad om dispensasjon - Tilbygg

Vedlegg:

- 1 Søknad om rammetillatelse
- 2 Vedlegg C1. Kvittering for nabovarsel
- 3 Vedlegg D1. Situasjonsplan
- 4 Vedlegg E1. Tegning ny fasade og plan
- 5 Vedlegg G1. Erklæring om ansvarsrett
- 6 Vedlegg Q1. Følg brev-dispensasjonssøknad
- 7 99/32 - Uttale til søknad om dispensasjon - Tilbygg til Haukeliseter fjellstoge
- 8 Haukeliseter fjellstoge - 99/32 i Vinje kommune

Bakgrunn:

Vinje kommune har fått inn søknad frå Børve og Borchsenius AS på vegne av Stavanger Turistforening på eigedom 99/32, Haukeliseter Fjellstoge. Sjå vedlegg 1 og 6. Det vert søkt om løyve til tilbygg, nytt vindfang og ny trinnlaus adkomst til fjellstoga. Det vert og nemt oppgradering av toalett, søppelrom og gjesterom for røyrslhemma, med betre adkomst til desse. Sjå vedlegg 4 og 6. Utgreiing om tiltaket ligg i vedlegg 6. Totalt tilbygd areal blir 102m² BYA.

Det søkjast om dispensasjon frå arealplanens kap 6.2.1 Hensynsone villrein. Tiltaket ligg i Regional plan for Hardangervidda, sone B.

Fylkesmannen og villreinnemda har uttalt seg i saka, sjå vedlegg 7 og 8.


Vurdering:

Tiltaket ligg innanfor sone b i den regionale planen, og det er her bebygd frå før. Dette tiltaket er ei tilpassing til, og tilnærming til universell utforming, slik at ein med rørslehemming kan få tilgang til bygget.

Når ein ser tiltaket i saman med bygningane som står der, kan ein sjå at dette er eit lite tiltak, men skal likevel handsamast med uttale frå Fylkesmannen og villreinnemda.

I uttala frå villreinnemda, konkluderar dei med at tiltaket har liten konsekvens for villreinen. I Fylkesmannen si uttale står det at interessene Fylkesmannen skal ta omsyn til, ikkje er vesentleg rørd. Tiltaket vil vera ei forbetring av adkomst for rørslehemma, oppgradering av toalett og gjesterom for rørslehemma. Varemottak og handtering av søppel skal bli betre.

Det er ingen store ulemper ved tiltaket, men fleire fordelar. Den viktigaste fordelan er at areala i fjellstoga vert sikra adkomst for alle med rørslehemming, og at sanitærforhold stettar krav til universell utforming. Det er etter ei samla vurdering kome fram til at vilkåra for dispensasjon etter pbl § 19-2 er oppfylt i denne saka. Det blir gjeve dispensasjon til tilbygg og oppgraderingar av fjellstoga som omsøkt.



Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev eigar av 99/32 dispensasjon i medhald av pbl § 19-2 for å bygge tilbygg på Haukeliseter Fjellstoge, slik det er omsøkt i brev datera 08.02.2016.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/